

## Felles front mot mobbing

**LÆRDALSØYRI SKULE HAR** hamna på ei lite kjekk liste over skular som slit mest med mobbing her i landet. Skulen er ein av 250 som peikar seg ut med høge mobbetal over tid.

Det er mest av alt eit samfunnsproblem.

**BAKGRUNNEN FOR AT** dette har kome opp akkurat no er ei årleg elevundersøking, som blir gjennomført i sjuande og tiande klasse. Det er NTNU Samfunnsforskning som har lista opp skulane med vedvarande mobbetal godt over landsgjennomsnittet.

**I TILLEGG TIL** Lærdalsøyri skule har fire andre skular frå fylket hamna på lista, dei er Hornindal skule, Selje skule, Skei skule og Torvmyr skule i Florø.

**PÅ LÆRDALSØYRI SKULE** er det litt over 20 prosent av dei spurde på dei aktuelle aldersstega som kjenner seg mobba. Med andre ord: ein av fem har opplevd eller opplever mobbing på kroppen. Noko må gjerast, dette er ikkje bra.

**FOR SJØLV OM DET** finst ein del usikre parameter i undersøkinga, er det ingen som helst tvil om at dette er meir enn alvorleg nok til at det må setjast i verk eigne tiltak. Og det sjølv om kommunen alt i eitt år har hatt ein Handlingsplan mot mobbing i funksjon.

**MOBBING ER EIT** tema som er oppe i den offentlege debatten med ujamne mellomrom. Sist veke sette den triste historia i VG Helg om Odin, som tok sitt eige liv berre 13 år gamal, mobbing på den nasjonale dagsorden att.

**I KJØLVATNET AV** den historia har det kome fram at minst 17.000 norske born blir mobba på skule og i fritid – kvar einaste dag – året rundt.

**DETTE ER FORFERDELEGE** tal og fortel at alt for mange norske born har ein alt for jævlig kvardag. Me veit dette kanskje høyrest naivt ut, men det skal altså ikkje vera slik at ungar skal kvi seg for å gå på skulen.

**FORSKING VISER AT** ungar som mobbar ofte har lært mobbinga frå anten foreldre eller andre vaksne. Me kan ikkje berre gje skulane skulda for desse uakseptable tilstandane. Det er mest av alt eit samfunnsproblem og det er all mogleg grunn til terpa inn at me – kvar og ein av oss, må tenkja på korleis me oppfører oss og kva me seier om andre menneske – spesielt med born til stades.

**MOBBING HAR ALLTID** vore vanskeleg å snakka om, spesielt i små lokalsamfunn. Difor er den openheita me no ser frå alle involverte på Lærdalsøyri skule ikkje berre viktig, men heilt avgjerande for at elevane på denne skulen – og elles skal kunna tru på at forholda kan og vil bli betre.

**MEN PÅ HEIMEBANE** må kvar og ein av oss rydda opp på eiga hand.

redaksjon@sognavis.no

### Sogn Avis

er ei partipolitisk uavhengig avis for Indre Sogn. Avisa blir trykt hjå Sogn og Fjordane Avistrykk as, Førde,

REDAKTØR:  
Jan Inge Fardal

DAGLEG LEIAR:  
Leif Johannes Lunde

www.sognavis.no

Sei meininga di om leiareren på sognatreff.no

## Investert i Sogn Jord og Hagebruksskule

Vi trenger et økende antall godt utdannede agronomer om vi skal nå Bondelagets uttalte mål om at matproduksjonen skal bli mer klimasmart og bærekraftig.

Økologisk landbruk er en spydspiss i utviklingen av et mer klimavennlig landbruk. Prinsippene om kretsløp av ressurser og lavere utslipp som følge av mange økologiske metoder er kunnskap vi trenger mer om, ikke mindre. Det er derfor sterkt urovekkende at den eneste skolen i Norge som utdanner økologiske agronomer nå kan vedtas nedlagt. Det er ikke god klimapolitikk. Sogn og Fjordane Fylkeskommune har sagt de stiller med kun 60 prosent av kostnader til nødvendig utbygging. Staten som betaler driftsmidler hvert år, fordi skolen har status som landslinje, vil ikke bidra med utbyggingskostnader fordi det er en fylkeskommunal oppgave.

Samtidig som politikere kaster økoskolen mellom seg, står utfordringene for matproduksjonen i kø. Klimaendringene

utfordrer kraftig vår evne til å fø verdens. Ifølge FN klimapanel-rapporter må alle sektorer ta ansvar for å redusere utslipp og jobbe for grønnere løsninger. Alle deler av landet vil møte klimautfordringer, og alle deler av landet har potensialet til å produsere ren, sunn og klimavennlig mat til egen befolkning. Skal vi få til bærekraftige skift i matproduksjonen, må vi ha også økologisk agronomer i Norge. Da må alle de økologiske miljøene styrkes, noe annet vil være en svært korttenkt strategi.

I Venstres sitt forslag til statsbudsjett ligger det inne ti millioner kroner til nettopp Sogn jord og hagebruksskule. Nå bør politikere tenke klimasmart. Dette forslaget bør få bred støtte på Stortinget.

Det vil være god klimapolitikk og det er framtidretta satsing på landbruk til glede for bonde, forbruker og miljø.

**Birte Usland**

Leder i klimautvalget i Norges Bondelag

## Øhlckers og katastrofen

Jan Øhlckers sparker både opp og ned i sin kronikk i Sogn Avis 12.11. om tiden etter brannen i Lærdal, og han sparker med bemerkelsesverdig selvmotigende sko. Han betegner uenighet og kritikk fra kommunens egne innbyggere som bevisst motarbeiding og «ei øydeleggjande motkraft» i gjenreisningsarbeidet, mens han selv gir uttrykk for sterk uenighet og kritikk i forhold til statens vurderinger og prioriteringer. Likeledes kritiserer han den manglende dialogen fra statens side, mens innbyggernes tilsvarende kritikk mot kommunen karakteriseres som privat motivert trakassering.

Denne alle-mot-oss-retorikken kan umulig være egnet til bedre samarbeid og dialog i noen retning.

Øhlckers sammenligner brannen i Lærdal med at hele bydeler i Oslo legges i ruiner og at 120.000 mennesker legges inn på sykehus. Det faller på sin egen urimelighet. Hva hjelper det med gjenoppbygging av hus og infrastruktur, så lenge vi fortsetter å sementere vår identitet som katastrofeofre og bruke våre barn og unge i et politisk spill, der saldering av en bunnskrap kommunekasse er målet.

**Hadle Blikra**

Lærdal

## Jølster SV og hemmelege val

Mange er nok einige med han Magne Aardal i Jølster SV i Sogn Avis 12/11, og eg har sjølv brukt uttrykket «JernErna er attende» fleire gonger. Men det siste avsnittet hans meiner han vel ikkje sjølv ein gong.

Sitat: «Dersom det likevel skulle vere nokon som stemmer

Høgre og Frp heretter, så burde dei stå fram, slik at vi får sjekka korleis dei ser ut» Sitat slutt.

Må eg minna Magne Aardal på at me har, takk og lov, hemmelege val her i landet framleis?

**Kjell G Offerdal**

**Vakt i helga**



**Kai Martin Brekke**  
Mobil: 971 45 866



**Terje Eggum**  
Mobil: 905 79 936



**Endre Romøren**  
Mobil: 958 70 621